Stipend og lån til utdanning 1974 - 75

Statens lånekasse for utdanning

Økernvn. 145, Oslo 5
Tlf. (02) 22 27 55

Ekspedisjonstid:
Måndag—fredag
9.30—14.30
Laurdag stengt

August 1974

INNHALD

		Side
	Innleiing	4
I	Hovudreglar for tildeling av utdanningsstønad 1974—75	5
	Oversikt over utdanning som går inn under stønadsordningane	11
II	Behovsprøvd stipend til søkjarar under 20 år	13
III	Utjamningsstipend	17
IV	Bortebuarstipend	18
V	Behovsprøvd forsytingsstipend til søkjarar over 20 år	21
VI	Grunnstipend	23
VII	Ymse stipend	24
VIII	Lån	25
IX	Lærlingar	30
X	Kveldsundervisning	31
XI	Utdanning i utlandet	32
XII	Forrenting og nedbetaling	38
	Andre opplysningar	41
	1. Søknad	41
	2. Søknadsfristar 1974—75	41
	3. Meldingar til Lånekassa	41
	4. Svar på søknad og utbetaling av stønadsmidlar	42
	5. Søknad om tilleggslån	42
	6. Klage over behandlingsresultatet	43
	7. Informasjon	43
	Lov om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning	44
	Forskrifter om Statens lånekasse for utdanning, dens organisasjon og virksomhet	47

INNLEIING

Utdanningsstønad frå Statens lånekasse for utdanning blir gjeven etter lov av 19. juni 1969 om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning. Kyrkje- og undervisningsdepartementet har fastsett Forskrifter om Statens lånekasse for utdanning. Loven og forskriftene finst på side 44—48 i denne brosjyren.

Retningslinjene for stønadsordningane i kapittel I—XII gjeld som forskrifter i relasjon til lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven).

Statens lånekasse for utdanning administrerer stønadsordningane, og skolane medverkar ved gjennomføringa.

Reglane og satsane i denne brosjyren gjeld for undervisningsåret 1974-75. For undervisningsåret 1973-74 gjeld framleis dei reglar og satsar som finst i den brosjyren Lånekassa gav ut i mai 1973.

Brosjyren kjem i år berre på nynorsk.

I HOVUDREGLAR FOR TILDELING AV UTDANNINGSSTØNAD 1974—75

Reglane i dette kapitlet gjeld alle former for utdanningsstønad. Dei særskilde reglane for kvar stønadsform og stønadsgruppe finst i kapitla II—XI.

1. Kva slag utdanning som er godkjend for stønad

Utdanningsstønad kan gjevast til vidaregåande allmennutdanning, yrkesutdanning og høgre utdanning. Sjå oversikt side 11 og 12.

Til vanleg må utdanninga ha offentleg godkjenning.

Lånekassa kan godta utdanning som ikkje er offentleg godkjend når det faglege opplegget er tilfredsstillande.

Det kan ikkje gjevast stønad til elevar i obligatorisk 9-årig grunnskole, framhaldsskole eller 10. klasse på ungdomssteget. Det kan gjerast unntak for elevar som frivillig går 8., 9. eller 10. klasse såframt det ikkje finst tilsvarande utdanning i heimstadkommunen deira, og dei ikkje har same økonomiske vilkår som elevar i obligatorisk skole.

Det kan gjevast stønad til elevar i realskole, teknisk forkurs og forkurs til maritime skolar såframt dei ikkje har eksamen frå 9-årig skole.

Det kan ikkje gjevast stønad til elevar i militære skolar og i etatsskolar.

2. Korleis utdanninga må vere lagd opp

Utdanninga må vere lagd opp som fulltids dagundervisning. Elevar i visse kveldsgymnas og lærlingar med godkjend lærekontrakt kan likevel få stønad (sjå side 30—31).

Det krevst at opplegget i skolar og kurs er på minst 20 undervisningstimar pr. veke.

3. Kor lang tid utdanninga må vare

For tildeling av s t i p e n d er det eit vilkår at utdanninga varer minst eit halvt undervisningsår (minimum 3½ månad).

For tildeling av l å n er det eit vilkår at utdanninga varer minst eit heilt undervisningsår (minimum 7 månader). Det kan gjerast unntak for høgre yrkesutdanning og spesialutdanning når det gjeld eit utdanningsprogram som søkjaren har særleg behov og føresetnad for. Det kan også gjerast unntak når utdanninga har direkte samanheng med tidlegare utdanning.

4. Hovudformer for utdanningsstønad

Utdanningsstønad blir gjeven i form av stipend og/eller lån.

Ved tildeling av stønad blir det særleg lagt vekt på kor gammal søkjaren er og kva slag utdanning det blir søkt stønad til.

STIPEND

Bortebuarstipend blir tildelt uavhengig av økonomien til foreldra. Det kan gjevast til ugifte søkjarar som må bu borte frå foreldreheimen, og til visse grupper av gifte søkjarar.

Behovsprøvd stipend blir tildelt avhengig av økonomien til foreldra, søkjaren og eventuell ektemake. Det kan gjevast til søkjarar under 20 år (som ikkje har fylt 20 år før 1. januar 1975).

Utjamningsstipend, som er behovsprøvd, kan gjevast til:

a. Søkjarar under 17 år (som ikkje har fylt 17 år før 1. januar 1975).
b. Søkjarar i alderen 17—19 år i visse skoleslag som til vanleg ikkje har høve til å søkje lån (sjå side 11—12).
c. Søkjarar i alderen 17—19 år som har forsytingsskyldnad og tek utdanning som det ikkje kan gjevast lån til over ei viss grense (sjå side 29).

Det er eit vilkår for tildeling av dette stipendet at søkjaren har særleg behov for stønad.

Grunnstipend blir tildelt uavhengig av økonomien til foreldra, men avhengig av økonomien til søkjaren og eventuell ektemake. Det kan gjevast frå og med det kalenderår søkjaren fyller 20 år til og med det kalenderår søkjaren fyller 30 år.

Behovsprøvd forsytingsstipend blir tildelt avhengig av økonomien til foreldra, søkjaren og ektemaken, og kan gjevast til søkjarar over 20 år som forsyter ektemake og minst 2 barn.

Kunstfagstipend og vidareutdanningsstipend for kunstnarar kan gjevast til visse grupper av søkjarar som utdannar seg som kunstnarar.

Reise- og gebyrstipend kan gjevast til søkjarar i visse godkjende skolar i utlandet.

Andre stipend.

Til studentar ved norske universitet og høgskolar kan det gjevast nordisk stipend til delstudium i andre nordiske land.

Til medisinstudentar kan det gjevast aspirantstipend etter nærare reglar.

LÅN

Lån kan gjevast til søkjarar over 17 år (som har fylt 17 år før 1. januar 1975).

Det kan ikkje gjevast lån til elevar i realskole, folkehøgskole, 1. år av kombinert grunnkurs, visse andre kurs og kurs som varer mindre enn eit

heilt undervisningsår. Til vanleg kan det heller ikkje gjevast lån til elevar i 1. klasse av 3-årig gymnas (sjå side 29).

Til elevar i 2. og 3. klasse av gymnas, 2. klasse av kombinert grunnkurs og visse andre yrkeskurs kan det ikkje gjevast lån over ei viss grense (sjå side 29).

Ved tildeling av lån blir det alltid teke omsyn til økonomien til søkjaren og eventuell ektemake.

Når søkjaren er under 20 år (ikkje har fylt 20 år før 1. januar 1975), blir det også teke omsyn til foreldreøkonomien.

Når søkjaren er over 20 år (har fylt 20 år før 1. januar 1975), blir lån gjeve utan omsyn til foreldreøkonomien. Det same gjeld gift søkjar under 20 år som har forsytingsskyldnad (barn).

5. Vilkår som søkjaren må fylle for å få stønad

a. Statsborgarskap

Søkjaren må vere norsk statsborgar. Det kan gjerast unntak for ikkje-norske statsborgarar som har søkt til landet av politiske grunnar og har fått løyve til å bu her for lengre tid.

Etter nærare prøving kan det også gjerast unntak for andre utanlandske statsborgarar dersom dei har fått varig tilknyting til landet, og tek sikte på å nytte utdanninga her i landet. Forhold som det kan takast omsyn til, er m.a. om søkjaren har hatt fast arbeid her i landet, eller om søkjaren er gift med norsk statsborgar.

Det er eit vilkår at søkjaren ikkje har rett til stønad frå heimlandet.

b. Deltaking i undervisninga

Det er ein føresetnad at søkjaren er på skolen i søknadsperioden og til kvar tid følgjer reglementert fulltidsundervisning.

Hospitantar som følgjer fulltidsundervisning, kan få stønad når det faglege programmet gjer det rimeleg.

c. Arbeid ved sida av utdanninga

Dersom ein søkjar har arbeid ved sida av utdanninga, gjeld følgjande reglar:

Utdanningsstønad kan tildelast dersom søkjaren ikkje har deltidsarbeid på meir enn gjennomsnittleg 3 timar pr. dag (arbeid laurdag ettermiddag og søndag blir ikkje medrekna).

Det kan unntaksvis gjevast stønad i form av lån til søkjarar i dagundervisning som har deltidsarbeid mellom 3 og 5 timar pr. dag, når søkjaren har forsytingsskyldnad eller særleg store utdanningskostnader, og arbeidet ikkje er til hinder for at søkjaren kan gjennomføre utdanninga på den tid som Lånekassa godkjenner.

Lånekassa kan ikkje gje stønad dersom søkjaren har arbeid ved sida av utdanninga på gjennomsnittleg 5 timar eller meir pr. dag. Arbeidsinntekt i søknadsperioden kan føre til at stønaden blir redusert eller fell bort. Det gjeld særlege reglar om dette for kvar stønadsform, sjå kapitla II—XI.

d. Fagleg framgang

Det kan løyvast utdanningsstønad for opp til eitt undervisningsår om gongen (haust + vår). Ved utdanning som varer meir enn eitt år, blir den faglege framgangen kontrollert kvart år. Stønad til eit utdanningsprogram kan normalt gjevast berre for så lang tid som Lånekassa har fastsett for dette utdanningsprogrammet.

Det kan gjevast stønad frå starten av ei hovudutdanning. Er resultatet frå den tidlegare utdanninga til søkjaren særleg svakt, kan Lånekassa nekte stønad til tilfredsstillande fagleg resultat er dokumentert.

Det kan ikkje tildelast stønad når ein søkjar går om eit semester eller eit undervisningsår, med mindre grunnen til dette er sjukdom, svangerskap eller andre særlege forhold. Slike forhold må i så fall dokumenterast.

Søkjar som har særleg arbeidskrevjande tillitsverv i tilknyting til utdanninga, kan få stønad for opp til eitt år utover den tid som Lånekassa har normert for vedkommande utdanning.

Når ein søkjar av andre grunnar ligg etter den fagplanen som er normert for utdanninga, kan han ikkje få stønad før han har gjennomført det utdanningsprogrammet som han alt har fått stønad til. Det kan gjerast unntak frå denne regelen når det gjeld lån og grunnstipend. Spørsmålet om tildeling av lån og grunnstipend til ein søkjar som ligg etter fagplanen, må vurderast nærare med omsyn til kva årsaka er, kva slag utdanning det er søkt stønad til, og kor langt søkjaren er kommen i utdanninga. Det skal også takast omsyn til at samla gjeld ikkje må bli uforsvarleg stor.

Dersom søkjaren ikkje ligg meir etter den normale fagplanen enn at han kan greie å komme à jour før undervisningsåret er slutt, kan det gjevast lån. Stipend kan ettertildelast når søkjaren har godtgjort at han har gjennomført det utdanningsprogrammet som er normert for året. Ettertildelt stipend vil normalt bli godskrive lånekontoen til søkjaren. Dersom søkjaren ikkje har lån i Lånekassa, vil stipendet bli utbetalt.

6. Avbrot og ny utdanning

Dersom ein søkjar bryt av ei utdanning som det er gjeve stønad til, og begynner på ei ny utdanning, må spørsmålet om stønad til den nye utdanninga vurderast særskilt.

Ved søknad om stønad til ny utdanning blir det mellom anna lagt vekt på faglege resultat frå tidlegare utdanning og på tidlegare gjeld.

Har ein låntakar misleghalde tidlegare lån, kan han bli nekta stønad til ny utdanning.

Har søkjaren fått bortebuarstipend og/eller behovsprøvd stipend til ei utdanning som han avbryt, skal tilsvarande stipend trekkjast frå ved tildeling av stønad til ny utdanning.

Ved tildeling av lån blir det også teke omsyn til tidlegare gjeld, slik at det samla lånet ikkje blir større enn Lånekassa finn forsvarleg. Hovudregelen er at tidlegare gjeld skal komme til frådrag i det lånet som normalt kunne vore gjeve til den nye utdanninga. Når Lånekassa finn det rimeleg, kan frådraget fordelast over dei åra som den nye utdanninga varer. Dersom det blir tildelt lån til den nye utdanninga, kan det også tildelast grunnstipend.

7. Forutdanning

Det gjeld som hovudregel at det ikkje kan gjevast stønad til forutdanning. Det kan gjerast unntak frå denne regelen når heilt spesielle forhold gjer det rimeleg.

Stønad til førebuande yrkesutdanning som er obligatorisk for opptak i ei hovudutdanning, kjem ikkje til frådrag ved tildeling av stønad til hovudutdanninga.

8. Sideordna/samansett utdanning og spesialutdanning

Det kan til vanleg gjevast stønad berre til ei samla fagutdanning.

Til elevar i allmennutdanning kan det til vanleg ikkje gjevast stønad meir enn 3 år. Stønad til frivillige elevar i 8., 9. og 10. skoleår, realskole og folkehøgskole kjem likevel ikkje til frådrag når det gjeld tildeling av stønad til vidare allmennutdanning.

Søkjarar som har examen artium eller som har gått alle klassane i gymnaset, kan ikkje få stønad til allmennutdanning. Søkjarar som har gått alle klassane i gymnaset, kan likevel få stipend eitt år til utdanning ved folkehøgskole. Søkjarar som har fullført ei yrkesutdanning, kan til vanleg ikkje få stønad til allmennutdanning.

Ved kombinasjon av 1-årige yrkesutdanningar med avgrensa låntildeling (sjå side 29) kan det ikkje gjevast stønad meir enn 2 år. For søkjarar som ikkje har examen artium, kan Lånekassa vurdere spørsmålet om stønad utover 2 år når det ligg føre fullstendige opplysningar om kva slag endeleg fagutdanning søkjaren skal ta og kor stort det samla stønadsbehovet er.

Lånekassa avgjer om det kan gjevast stønad til sideordna utdanning eller spesialutdanning, eller til kombinasjonar av utdanning med innbyrdes samanheng.

Ved søknad om stønad til sideordna utdanning eller samansett utdanning vurderer Lånekassa den faglege samanhengen mellom utdanningane. Vidare

vurderer Lånekassa kva for behov søkjaren har for den nye utdanninga i sitt yrke, og kva for resultat han har frå tidlegare utdanning. Dessutan vurderer Lånekassa utdanningskostnadene og stønadsbehovet under eitt, og legg mellom anna vekt på om behovet for utdanningsstønad verkar rimeleg.

9. Tilbakeføring av stønad som søkjaren ikkje har krav på

Dersom ein søkjar bryt av utdanninga i undervisningsåret før stønad er utbetalt eller heva, kan stønaden ikkje utbetalast eller hevast. Bryt søkjaren av utdanninga etter at han har følgt undervisninga i minst 3 månader, kan stipend for den faktiske undervisningstida likevel utbetalast.

Ein søkjar som bryt av utdanninga etter å ha fått utbetalt stønad, må straks betale tilbake den del av stønaden som etter reglane skulle dekkje den tida han ikkje har følgt undervisninga.

Dersom ein søkjar får utbetalt stønad som han etter reglane ikkje har rett til, kan denne stønaden krevjast tilbakeført.

Det same gjeld dersom ein søkjar får tildelt utdanningsstønad for undervisningsåret, og det seinare viser seg at han ikkje har gjennomført det programmet som det var søkt stønad til.

10. Eldre søkjarar

Søkjarar som har fylt 55 år, kan berre unntaksvis få utdanningsstønad.

11. Stønad frå anna hald enn Lånekassa

Det kan ikkje gjevast stønad til søkjarar som får stønad frå andre offentlege stønadsordningar som er tilstrekkeleg til å finansiere utdanninga etter dei kostnadssatsane som Lånekassa nyttar. Det same gjeld for søkjarar som får stipend, legat eller andre ytingar frå anna hald.

12. Utrekning av stønad

Dersom ein søkjar får tildelt både stipend og lån eller berre lån, blir stønadsbeløpet utrekna etter reglane i kapittel VIII.

Dersom ein søkjar får tildelt berre stipend, blir stønadsbeløpet utrekna etter dei reglane som gjeld for vedkommande stipend.

13. Søknadsfristar

Søknader om utdanningsstønad som blir innsende etter at undervisningsåret/kurset er avslutta, vil ikkje bli tekne opp til behandling.

Når det gjeld fristar elles, sjå side 41 og 42.

OVERSIKT OVER UTDANNING SOM GÅR INN UNDER STØNADSORDNINGANE

Skolar merkt med *	berre stipend.
» » » **	redusert stønad.
» » » ***	redusert lån (sjå side 29)

Allmennutdanning

Realskole — dagkurs*
Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Gymnas***
Folkehøgskole*
Forkurs for teknisk skole*
» » maritim skole*

Helse- og barnestell, sosialt arbeid

Barne- og barselpleieskole**
Hjelpepleieskole**
Grunnskole i vernepleie**
Grunnskole i sjukepleie**
Vidaregåande sjukepleieskole
Helsesøsterskole**
Radiografskole
Røntgenografskole**
Fysiokjemikarskole**
Vidaregåande fysiokjemikarutdanning
Diakonihøgskole
Kontorsøsterskole
Tannpleiarkurs
Hørselsassistentkurs
Kosmetolog- og fotpleieskole
Arbeidsterapiskole
Fysioterapiskole
Mensendieckskole
Reseptarskole
Sosialskole
Barnevernsutdanning

Hushald, hotell, restaurant

Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Fagskole i husstell:
1/2-årig*
1-årig elementærklasse*
1-årig fagkurs***
Husmorvikarskole:
1/2-årig*
1-årig
Hotellfagskole
Oldfruekurs
Skole for kosthaldsøkonomar, teoritida

Industri, handverk, husflid

Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Verkstadskole (yrkesskole):
1/2-årig*
1. år***
Andre kurs
Hermetikkfagskole
Kjølemaskinistskole
Bergskole
Formannsskole
Trelastskole
Leiarskole for treindustrien
Elementærteknisk skole
Teknisk fagskole
Teknisk skole
NKI's tekniske skole:
1. semester av 3-årig***
2.—6. semester av 3-årig
Schous Tekniske Institutt
Proteseteknisk skole
Industri- og husflidsskole for kvinner:
1/2-årig*
1-årig elementærklasse for 16-åringar*
Andre kurs***
Husflidsskole for menn***
Kunsthandverksskole
Lærlingar med godkjend kontrakt**

Landbruk

Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Landbruksskole:
Grunnkurs 1 a***
Grunnkurs 1 b*
Andre kurs

Hagebruks- og gartnarskole:
- Grunnkurs I**
- Andre kurs

Yrkesskole i skogbruk***
Praktisk skogskole
Skogskole
Meieriskole
Næringsmiddelteknisk skole
Landbruksmaskinteknisk kurs:
- ½-årig*
- 1-årig

Reindriftsskole**

Sjøfart, fiske

Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Kystskipperkurs 1. kl.*
Kystskipperkurs — vidaregåande
Navigatørutdanning
Skipsførarkurs
Statslosutdanning
Radiooffiserkurs
Maskin- og mekanikarlinje ved maskinistskole***
Maskinistutdanning
Maskinsjefkurs
Skipselektrikarkurs
Kokkaspirantkurs***
Kokkskole
Stuertskole
Fiskarfagskole**
Fagskole for fiskeindustri**

Flygarutdanning

Godkjend trafikkflygarutdanning**

Handel, kontor

Kombinert grunnkurs 1. år*
» » 2. år***
Handelsskole — dagkurs:
- ½-årig*
- 1-årig***
- Vidaregåande kurs

Kjøpmannsinstituttets butikklederskole
1-årig fagkurs for studentar
1-årig sekretærskole for studentar
Marknadsføringsskole:
- 1-årig fagkurs

Westerdahls reklameskole:
- 2-årig

Bedriftsøkonomisk Institutt:
- 3-årig dagstudium (linje II)

Handelsakademiet:
- 3-årig dagstudium

Andre høgre merkantile skolar
Dispasjørutdanning[1])
Revisorutdanning[1])
Translatørutdanning[1])

Offentleg forvaltning

Kommunallinja ved Noregs kommunal- og sosialskole

Bibliotek, presse

Bibliotekskole
Journalistskole

Bibel- og misjonsskolar

Bibelskole:
- ½-årig kurs*
- 1-årig grunnleggjande kurs***

Bibelskole som gjev vidaregåande yrkesutdanning
Mellomfagkurs ved bibelseminar
Misjonsskole

Lærarutdanning

Førskolelærarutdanning
Lærarskole
Faglærarskole
Spesiallærarskole
1-årig trafikklærarskole
Norsk lærerakademi
Sommarsemesterkurs for lærarar[2])

Høgskolar, universitet

Distriktshøgskole
Høgskole
Universitet
Menighetsfakultetet

Musikkskolar, kunst

Grunnleggjande musikkskole:
- 1—3-årig fagskole***

Konservatorieutdanning
Musikkhøgskole
Studieatelieret, Bergen
Kunstfag, sjå side 24 om kunstfagstipend

---

[1]) Lån/stipend kan gjevast berre i særlege tilfelle
[2]) Berre lån

II BEHOVSPRØVD STIPEND TIL SØKJARAR UNDER 20 ÅR

Ordninga med behovsprøvd stipend for søkjarar som er under 20 år (ikkje har fylt 20 år før 1. januar 1975), omfattar skolar og kurs med fulltids dagundervisning på minst 3½ månad.

I tillegg til hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel I (side 5—10) gjeld reglane i dette kapitlet for tildeling av behovsprøvd stipend til søkjarar under 20 år.

Ved behandling av søknad om behovsprøvd stipend skal det særleg leggjast vekt på:

Inntekta, formuen og forsytingsskyldnaden til foreldra (forsytaren).

Inntekta, formuen og forsytingsskyldnaden til søkjaren og eventuell ektemake.

Store reiseutgifter og store skolepengar (eksklusive hus og kost).

Særlege økonomiske fordelar, stipend og stønad frå anna hald.

1. Inntekta, formuen og forsytingsskyldnaden til foreldra

Ved behandling av søknad om behovsprøvd stipend skal det nyttast eit system med poengutrekning. Poeng etter inntekta, formuen og forsytingsskyldnaden til foreldra skal avlesast i tabellen på neste side. Den samla inntekta og formuen skal normalt leggjast til grunn med dei tala som går fram av likningsattestane. Ved avlesing i tabellen skal beløpa avrundast ned til næraste heile tusen kroner. Dersom det blir stadfest at forholda har endra seg slik at likningsattestane frå siste skatteår ikkje gjev eit rett bilete av den inntekt eller formue som forsytaren har i skoleåret, skal det takast omsyn til dette.

Likningsattestane til foreldra skal leggjast til grunn jamvel om søkjaren opplyser at han forsyter seg sjølv og/eller viser til eigen forsytingsskyldnad.

Er foreldra skilde, skal likningsattesten for den av foreldra som har foreldreretten leggjast til grunn.

Dersom søkjaren har adoptivforeldre, er det likningsattestane for desse som er grunnlag for avlesing av poeng i tabellen.

Dersom søkjaren har stemor eller stefar og ikkje er adoptert, skal likningsattest for stemor/stefar sendast inn. For at Lånekassa skal kunne sjå bort frå økonomien til stemor/stefar, må søkjaren grunngje dette.

Når det er godtgjort at søkjaren ikkje kan få stønad frå foreldra, og det elles kan reknast for rimeleg, kan Lånekassa sjå heilt eller delvis bort frå foreldreøkonomien.

Poeng etter inntekta og formuen til foreldra og talet på barn under 20 år å forsyte

Forsytingsskyldnad og inntekt i 1.000 kr. (pårekna inntekt) ved siste skattelikning — avrunda ned til næraste 1.000 kr.				Pårekna formue i 1.000 kr.						
Søkjar + 0 barn	Søkjar + 1 barn	Søkjar + 2 barn	Søkjar + 3 barn	0— 69	70— 99	100— 129	130— 159	160— 189	190— 219	220— 249
0—13	0—16	0—19	0—22	13	11	9	7	5	3	1
14—16	17—19	20—22	23—25	12	10	8	6	4	2	
17—19	20—22	23—25	26—28	11	9	7	5	3	1	
20—22	23—25	26—28	29—31	10	8	6	4	2		
23—25	26—28	29—31	32—34	9	7	5	3	1		
26—28	29—31	32—34	35—37	8	6	4	2			
29—31	32—34	35—37	38—40	7	5	3	1			
32—34	35—37	38—40	41—43	6	4	2				
35—37	38—40	41—43	44—46	5	3	1				
38—40	41—43	44—46	47—49	4	2					
41—43	44—46	47—49	50—52	3	1					
44—46	47—49	50—52	53—55	2						
47—49	50—52	53—55	56—58	1						

Stipendsatsar

Poeng	Stipend kr.
13	2.800
12	2.400
11	2.000
10	1.600
9	1.200
8	800
7	400

Det kan reknast minuspoeng og plusspoeng etter reglane i punkt 2—10.

Dersom søkjaren etter denne poengutrekninga får høgre poengtal enn 13, aukar stipendbeløpet med 400 kr. for kvart overskytande poeng.

2. Inntekta til søkjaren (arbeidsinntekt)

Det blir teke omsyn til den arbeidsinntekta som søkjaren har i søknadsperioden.

Einsleg søkjar kan ha ei gjennomsnittleg brutto arbeidsinntekt på 700 kr. pr. månad utan at det får verknad på behandlingsresultatet. Har søkjaren forsytingsskyldnad — ektemake utan inntekt og minst eitt barn — blir dette beløpet auka med 500 kr. for kvar som han har å forsyte.

Har søkjaren større inntekt enn fribeløpet, blir det rekna 1 minuspoeng for kvart overskytande 200 kr., avrunda ned til heile hundre kroner.

3. Formuen til søkjaren

Det blir ikkje teke omsyn til formue opp til 5.000 kr. for einsleg søkjar. Har søkjaren forsytingsskyldnad, kan fribeløpet aukast til 10.000 kr. Av overskytande formue blir det rekna 1 minuspoeng for kvart 3.000 kr.

4. Inntekta til ektemaken — forsytingsskyldnad

Er det ikkje barn i ekteskapet, blir det ikkje teke omsyn til ektemakens bruttoinntekt opp til 1 800 kr. pr. månad. Har ektemaken større inntekt enn dette, blir poengtalet redusert med dei minuspoeng som går fram av tabellen nedanfor.

Er det barn i ekteskapet, blir det rekna plusspoeng eller eventuelt minuspoeng etter tabellen.

Bruttoinntekt pr. månad	Ektemake	Ektemake 1 barn	Ektemake 2 barn	Ektemake 3 barn
0— 799	0	+ 4	+ 6	+ 8
800—1.299	0	+ 3	+ 5	+ 7
1.300—1.799	0	+ 2	+ 4	+ 6
1.800—2.099	— 1	+ 1	+ 3	+ 5
2.100—2.399	— 2	0	+ 2	+ 4
2.400—2.699	— 3	— 1	0	+ 2
2.700—2.999	— 4	— 2	— 1	0
3.000—3.299	— 5	— 3	— 2	— 1
3.300—3.599	— 6	— 4	— 3	— 2
osv.	osv.	osv.	osv.	osv.

5. Formuen til ektemaken

Det blir ikkje teke omsyn til formue opp til 20.000 kr. Av overskytande formue blir det rekna 1 minuspoeng for kvart 5.000 kr.

6. Stipend og stønad frå anna hald

Stønad frå legat og andre stipendordningar opp til 1.000 kr. for eit heilt skoleår verkar ikkje inn på poengutrekninga. Det same gjeld lønn frå arbeidsgjevar for søkjar som er tenestefri for å ta ei utdanning. Det blir rekna 1 minuspoeng for kvart 400 kr. over 1.000 kr.

7. Heimreiser for søkjar som bur borte

Følgjande plusspoeng kan gjevast når reiseutgiftene — med frådrag av eventuell moderasjon — for to reiser tur-retur i skoleåret er i alt:

500 til 799 kr.	1 poeng
800 » 1.199 »	2 »
1.200 kr. og meir	3 »

8. Daglege reiser

Det kan gjevast plusspoeng til søkjar som har store daglege reiseutgifter og ikkje får desse dekt av det offentlege. Det blir i så fall gjeve følgjande plusspoeng for reiseutgifter pr. månad — etter takst for månadskort:

90 til 129 kr.	1 poeng
130 » 169 »	2 »
170 og meir	3 »

9. Skolepengar

For skolepengar (eksklusive hus og kost) på minst 500 kr. pr. år kan det gjevast følgjande plusspoeng:

500 til 899 kr.	1 poeng
900 » 1.299 »	2 »
1.300 kr. og meir	3 »

10. Bortebuande søkjar

Bortebuande søkjar får 2 plusspoeng.

III UTJAMNINGSSTIPEND

Utjamningsstipend kan gjevast til stipendmottakarar som har eit særleg behov for stipend utover den sum som følgjer av satsane i kapitlet om behovsprøvd stipend, side 14.

Heimebuande søkjar som har fått lågare poengtal enn 13, kan ikkje få utjamningsstipend med mindre det er særlege forhold i heimen. Bortebuande søkjar kan få utjamningsstipend jamvel om poengtalet er lågare enn 13.

Det kan også gjevast utjamningsstipend til søkjarar som ikkje får stipend etter reglane og satsane i nemnde kapittel, når andre særlege forhold gjer seg gjeldande.

1. Alder — utdanning

Ordninga med utjamningsstipend omfattar fulltids dagundervisning i heilårskurs og gjeld følgjande søkjargrupper:

a. Søkjarar som ikkje har fylt 17 år før 1. januar 1975.

b. Søkjarar som har fylt 17 år, men ikkje 20 år før 1. januar 1975 i:
realskole,
1. klasse av 3-årig gymnas,
folkehøgskole,
1. klasse av 2-årig kombinert grunnkurs.

c. Søkjarar som har fylt 17 år, men ikkje 20 år, før 1. januar 1975, har forsytingsskyldnad (ektemake og barn), og tek utdanning som det ikkje kan gjevast lån til over ei viss grense (sjå side 29).

2. Forhold som blir vurdert

Ved tildeling av utjamningsstipend skal det leggjast vekt på følgjande:

a. Søkjaren har særleg store utgifter som det ikkje kan gjevast tilleggspoeng for ved tildeling av behovsprøvd stipend.

b. Søkjaren har fleire sysken under 20 år i utdanning som det ikkje kan gjevast lån til.

c. Særlege sosiale problem i heimen.

3. Stipendbeløp

Det kan til vanleg gjevast utjamningsstipend frå 400 til 2.000 kr. for eit heilt undervisningsår.

IV BORTEBUARSTIPEND

Bortebuarstipend kan gjevast til søkjarar som må bu borte frå heimstaden medan utdanninga varer.

I særhøve kan bortebuarstipend også gjevast til søkjarar som tek utdanning på heimstaden, når forholda er slik at dei ikkje kan bu i foreldreheimen — sjå punkt 2.

For gifte søkjarar og søkjarar over 40 år gjeld særlege reglar — sjå punkt 3 og 4.

I tillegg til hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel I (side 5—10) gjeld reglane i dette kapitlet for tildeling av bortebuarstipend.

1. Avstand/reisetid mellom foreldreheimen og skolen

Når avstanden mellom foreldreheimen og skolen er 40 kilometer eller meir, kan det tildelast bortebuarstipend dersom søkjaren ikkje bur heime.

Når avstanden er mindre enn 40 kilometer, og reisetida tur-retur mellom foreldreheimen og skolen gjennomsnittleg er 3 timar eller meir pr. dag med bruk av rutegåande transportmiddel, kan det tildelast bortebuarstipend dersom søkjaren ikkje bur heime. Reisetida blir vanlegvis utrekna på grunnlag av dei ruteavgangane som er aktuelle når søkjaren skal følgje den undervisninga som er fastsett i timeplanen. Der blir dessutan teke omsyn til gangtid og til ventetid undervegs. Når det gjeld gangtid, blir det til vanleg rekna 10 minutt for kvar kilometer. Ved utdanning med frie førelesningar kan ventetid før og etter undervisninga ikkje medreknast i reisetida.

Dersom det mellom foreldreheimen og skolen er ei strekning på meir enn 6 kilometer som ikkje har rutesamband delar av året, kan det gjevast redusert bortebuarstipend dersom søkjaren ikkje bur heime.

Det kan vidare tildelast bortebuarstipend når rutetidene er slik at søkjaren ville ha komme for seint til reglementert undervisning om han skulle ha budd heime. Det same gjeld når ein søkjar med lang reisetid må bu på skolestaden fordi han har særleg arbeidskrevjande tillitsverv i tilknyting til utdanninga.

2. Særlege grunnar som gjer at søkjaren kan få bortebuarstipend

Bortebuarstipend kan tildelast når:

a. Søkjaren bur i den tidlegare foreldreheimen etter at foreldra har flytta til eit anna distrikt i landet eller til utlandet. Opphaldet i eit anna distrikt i landet eller i utlandet må vere av meir varig karakter.

b. Søkjaren og ein av foreldra bur på skolestaden, medan resten av familien bur på heimstaden.

c. Foreldra til søkjaren er skilde, og tilhøva er slik at søkjaren ikkje kan bu i heimen hos ein av foreldra.

d. Søkjaren må bu borte på grunn av sjukdom eller funksjonshemming, og dette er stadfest med legeattest eller godtgjort på anna vis.

e. Søkjaren må bu borte av særlege sosiale grunnar, til dømes fordi det er alvorlege konfliktar i heimen, eller fordi søkjaren elles vil bli hindra i å gjennomføre utdanninga. Søkjaren må dokumentere dei forhold i heimen som gjer at det har vore nødvendig for han å flytte bort. Om søkjaren viser til at han må bu borte fordi familien bur trongt, er dette til vanleg ikkje nok til å få bortebuarstipend.

f. Søkjaren må bu borte ein del av året på grunn av rasfare eller andre vanskar vinterstid (redusert stipend).

g. Søkjaren har budd borte frå foreldreheimen og hatt inntektsgjevande arbeid i dei siste 3 år, og dermed forsytt seg sjølv. (Militærteneste kan reknast med.) Det er eit vilkår at søkjaren ikkje har hatt stønad frå Lånekassa i denne tida, og at han framleis bur borte.

h. Søkjaren har lang reisetid og må bu på skolestaden delar av året på grunn av ikkje-obligatoriske aktivitetar — som til dømes å gjere seg nytte av bibliotek, gymnastikksal, musikk- og songrom, eller å vere med i møte- og lagsverksemd i tilknyting til utdanninga (redusert stipend). Skolen eller stipendutvalet må stadfeste dei opplysningar som søkjaren gjev.

3. Gift søkjar

Gift søkjar med forsytingsskyldnad (barn) kan få bortebuarstipend jamvel om han bur hos foreldra eller svigerforeldra.

Gift søkjar utan forsytingsskyldnad (barn) kan få bortebuarstipend når han ikkje bur hos foreldra eller svigerforeldra, jamvel om desse bur på skolestaden.

Når ein gift søkjar og ektemaken bur saman medan utdanninga varer, blir det ikkje gjeve bortebuarstipend dersom ektemaken har gjennomsnittleg brutto månadsinntekt i søknadsperioden som er større enn:

2.500 kr. med 0 barn
3.000 » » 1 »
3.500 » » 2 »
4.000 » » 3 »
osv.

Når ein gift søkjar bur utanfor sin eigen og ektemakens bustad medan utdanninga varer, blir det ikkje teke omsyn til ektemakens økonomiske stilling. Det er da eit vilkår at avstand/reisetid mellom hans eigen og ektemakens bustad og skolen er minst 40 kilometer/3 timar (jfr. punkt 1).

4. Søkjar over 40 år

Søkjar som har fylt 40 år før utdanninga tek til, kan få bortebuarstipend når han må bu utanfor den ordinære bustaden sin for å skaffe seg utdanning for eit yrke.

Om søkjar som har fylt 55 år, sjå side 10, punkt 10.

5. Stipend frå anna hald, lønn og andre ytingar

a. Om ein søkjar får legat eller stipend fra anna hald enn Lånekassa, kan han likevel få bortebuarstipend såframt ytingane ikkje er tilstrekkelege til å finansiere utdanninga etter dei kostnadssatsane som Lånekassa nyttar. Det same gjeld om ein søkjar som er tenestefri for å ta ei utdanning, får lønn eller andre ytingar frå arbeidsgjevaren i utdanningstida.

b. Dersom alle bortebuande elevar ved ein skole får stipend eller andre ytingar frå anna hald enn Lånekassa, blir bortebuarstipendet tilsvarande redusert.

6. Kor stort bortebuarstipendet er

For 1974-75 er bortebuarstipendet 2.450 kr. for eit heilt undervisningsår (245 kr. pr. månad). Når det gjeld utdanning som varer kortare tid enn eit heilt undervisningsår (under 10 månader), fastset Lånekassa kor stort stipend som skal tildelast.

Søkjar ved internatskole får fullt bortebuarstipend — 245 kr. pr. månad — når utgiftene til hus og kost er 450 kr. eller meir pr. månad. Når internatutgiftene er under 450 kr. pr. månad, blir bortebuarstipendet redusert slik:

Internatutgifter kr. pr. månad	Bortebuarstipend kr. pr. månad
350—449	180
250—349	110
Under 250	0

V BEHOVSPRØVD FORSYTINGSSTIPEND TIL SØKJARAR OVER 20 ÅR

Ordninga med behovsprøvd forsytingsstipend omfattar gifte søkjarar som er over 20 år (har fylt 20 år før 1. januar 1975) og som har særleg stor forsytingsskyldnad. Søkjaren må forsyte ektemake og minst 2 barn (gjeld ikkje bidragsplikt).

I tillegg til hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel I (side 5—10) gjeld reglane i dette kapitlet for tildeling av behovsprøvd forsytingsstipend til søkjarar over 20 år.

Ved behandling av søknad om forsytingsstipend skal det leggjast vekt på:

Forsytingsskyldnaden til søkjaren.

Særlege økonomiske fordelar, stipend og stønad frå anna hald.

Inntekta og formuen til søkjaren og/eller ektemaken.

Inntekta og formuen til foreldra.

Utan tillegg eller frådrag er stipendbeløpet 2.000 kr. for eit heilt undervisningsår.

Ved utrekning av eventuelle tillegg og frådrag blir det nytta eit poengsystem som vist nedanfor.

Kvart poeng utgjer 200 kr.

Plusspoeng

Dersom søkjaren — forutan ektemake — forsyter meir enn 2 barn, kan det gjevast 2 plusspoeng (400 kr.) for kvart av dei andre barna.

Minuspoeng

a. Særlege økonomiske fordelar, stipend og stønad frå anna hald:

Stønad frå anna hald opp til 1.000 kr. for eit heilt undervisningsår får ikkje verknad på poengutrekninga. Det blir rekna 1 minuspoeng for kvart overskytande 200 kr.

b. Inntekta og formuen til søkjaren og/eller ektemaken i søknadsperioden:
Det blir rekna minuspoeng etter tabellen nedanfor.

Søkjaren og/eller ektemaken si brutto inntekt pr. månad i kr.	Søkjaren og/eller ektemaken sin formue i 1.000 kr.										
	0— 10,9	11— 11,9	12— 12,9	13— 13,9	14— 14,9	15— 15,9	16— 16,9	17— 17,9	18— 18,9	19— 19,9	20— 20,9
0— 799	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
800— 949	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	
950—1.099	2	3	4	5	6	7	8	9	10		
1.100—1.249	3	4	5	6	7	8	9	10			
1.250—1.399	4	5	6	7	8	9	10				
1.400—1.549	5	6	7	8	9	10					
1.550—1.699	6	7	8	9	10						
1.700—1.849	7	8	9	10							
1.850—1.999	8	9	10								
2.000—2.149	9	10									
2.150—2.299	10										

c. Inntekta og formuen til foreldra:
Det blir rekna minuspoeng etter tabellen nedanfor.

Foreldra si pårekna inntekt pr. år i 1.000 kr.	Foreldra sin formue i 1.000 kr.										
	0— 80	81— 100	101— 120	121— 140	141— 160	161— 180	181— 200	201— 220	221— 240	241— 260	261— 280
0—28	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
29—31	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	
32—34	2	3	4	5	6	7	8	9	10		
35—37	3	4	5	6	7	8	9	10			
38—40	4	5	6	7	8	9	10				
41—43	5	6	7	8	9	10					
44—46	6	7	8	9	10						
47—49	7	8	9	10							
50—52	8	9	10								
53—55	9	10									
56—58	10										

VI GRUNNSTIPEND

Ordninga med grunnstipend omfattar all utdanning som går inn under dei andre stønadsordningane (sjå side 11—12).

Grunnstipend kan tildelast frå og med det kalenderår søkjaren fyller 20 år til og med det kalenderår søkjaren fyller 30 år.

I tillegg til hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel I (side 5—10) gjeld følgjande reglar for tildeling av grunnstipend:

Grunnstipend kan tildelast utan at det blir teke omsyn til foreldreøkonomien. Elles gjeld same reglar for vurdering av faglege forhold og behovsprøving etter økonomien til søkjaren og eventuell ektemake som ved tildeling av lån.

Lærlingar med godkjend kontrakt og søkjarar som tek kveldsundervisning ved gymnas og studentfagkurs med eksamensrett, kan få grunnstipend etter reglane i kapittel IX og X (side 30 og 31).

For 1974—75 er grunnstipendet 900 kr. for eit heilt undervisningsår (90 kr. pr. månad). Når det gjeld utdanning som varer kortare tid enn eit heilt undervisningsår (under 10 månader), fastset Lånekassa kor stort stipend som skal tildelast.

VII YMSE STIPEND

1. Kunstfagstipend

Kunstfagstipend kan gjevast til elevar ved Statens kunstakademi, Ballettinstituttet og Operaens ballettskole, og til elevar som tek vidaregåande utdanning i musikk og song ved Musikkhøgskolen.

Stipendet for 1974—75 kan tildelast med opp til 7.000 kr., eventuelt med bortebuarstipend og grunnstipend i tillegg.

Elevar ved Statens teaterskole kan få kunstfagstipend opp til 4.000 kr., eventuelt med bortebuarstipend og grunnstipend i tillegg.

Kunstfagstipend kan unntaksvis gjevast til utdanning på tilsvarande nivå i utlandet.

Kunstnarar som har avslutta ordinær kunstnarutdanning, kan etter nærare reglar få stipend opp til 9.000 kr. til vidareutdanning innan- eller utanlands. I tillegg kan det eventuelt gjevast bortebuarstipend og grunnstipend.

Ved tildeling av kunstfagstipend blir det ikkje teke omsyn til inntekta eller formuen til foreldra, søkjaren eller eventuell ektemake. Det er eit vilkår at søkjaren følgjer fulltidsundervisning, og at han ikkje har deltidsarbeid på meir enn 3 timar pr. dag.

Elevar ved Statens kunstakademi kan tildelast opp til 4 årsstipend såframt den faglege framgangen er tilfredsstillande.

Elevar ved Ballettinstituttet og ved Operaens ballettskole kan tildelast opp til 2 årsstipend i eit 3-årig utdanningsprogram.

Elevar i vokal, instrumental og kyrkjemusikalsk diplomklasse ved Musikkhøgskolen kan tildelast opp til 2 årsstipend. Elevar i orkesterdireksjons- og komposisjonsstudiet ved Musikkhøgskolen kan tildelast opp til 3 årsstipend.

Ved ballettskolar er talet på stipend avgrensa slik at tildelinga skjer etter ei fagleg vurdering.

Vidareutdanningsstipend for kunstnarar blir tildelt etter vurdering av dei faglege kvalifikasjonane til søkjaren, og er ikkje behovsprøvd etter søkjarens inntekt og formue.

2. Nordisk stipend

Det kan gjevast stipend til studentar ved norsk høgskole eller universitet som tek delstudium i eit anna nordisk land, såframt delstudiet går inn som ledd i ei utdanning som søkjaren alt har teke til med i Noreg.

Stipendet blir til vanleg gjeve for 1—2 semester, og beløpet varierer med meirkostnadene.

3. Stipend for aspirantar til offentleg helseteneste (Aspirantstipend)

Det kan gjevast stipend til 5 medisinstudentar i inn- og utland, kvart på 4.000 kr., dei 3 siste åra av utdanninga. Stipendmottakaren må binde seg til å arbeide i 2 år på den staden Helsedirektoratet fastset.

VIII LÅN

I tillegg til hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel 1 (side 5—10) gjeld reglane i dette kapitlet for tildeling av lån.

1. Normer for utdanningskostnader

For undervisningsåret 1974—75 nyttar Lånekassa følgjande månadssatsar for opphaldsutgifter (utgifter til hus, kost, daglege reiser, klede og helsestell, og andre nødvendige utgifter):

Bortebuar	Heimebuar	
	over 20 år	under 20 år
1.210	900	700

Ved utrekning av lån til elevar i internatskolar blir skolens internatpris nytta som norm for utgiftene til hus og kost.

I tillegg til satsane ovanfor blir det medrekna nødvendige utgifter til bøker og materiell, semesteravgifter og liknande.

For bortebuarar blir det medrekna utgifter til 4 reiser mellom heim og skole pr. undervisningsår (2 tur-returreiser).

Til søkjarar mellom 20 og 30 år kan det gjevast grunnstipend i tillegg.

Til søkjarar over 30 år kan det gjevast tillegg i form av lån som svarer til grunnstipendbeløpet.

Dersom ein søkjar som har foreldreheimen på skolestaden bur borte, kan han få lån etter bortebuarsatsen jamvel om han ikkje fyller vilkåra for å få bortebuarstipend.

For kvar utdanning blir kostnadene for eit heilt undervisningsår rekna frå den dato undervisninga begynner til den dato undervisninga (inklusive eksamen) sluttar. Juleferien og påskeferien blir medrekna.

Det blir ikkje gjeve stønad til dekning av utgifter i sommarferien. Etter nærare grunngjeven søknad kan det likevel gjevast lån til utvida studieår når det gjeld reglementert undervisning, eller når det etter ei samla vurdering kan reknast som godtgjort at søkjaren sparer inn på normal studietid.

Det kan setjast grense for lånet slik at samla gjeld ikkje blir større enn Lånekassa finn forsvarleg.

Til studieturar og ekskursjonar kan lån gjevast berre når dei i særlege tilfelle går inn som obligatorisk ledd i undervisninga.

2. Tillegg på grunn av forsytingsskyldnad

Har søkjaren ektemake og barn som han har forsytingsskyldnad for, kan det gjevast tillegg i lånet. Det kan til vanleg gjevast 5.000 kr. for ektemaken og eitt barn og 2.000 kr. for kvart av dei andre barna.

Bidragsplikt blir ikkje rekna som forsytingsskyldnad. Det kan likevel gjevast tillegg når det er dokumentert at søkjaren har oppfylt bidragsplikta.

Er det godtgjort at søkjaren ikkje kan greie seg med stønaden etter normene, kan tillegget aukast etter skjønn. Det blir da også teke omsyn til samla gjeld og den faglege framgangen til søkjaren.

Om ein gift søkjar utan barn opplyser at han forsyter ektemaken, blir det ikkje gjeve tillegg med mindre det er uråd for ektemaken å forsyte seg sjølv på grunn av sjukdom eller andre forhold.

Dersom både søkjaren og ektemaken tek utdanning, og begge søkjer lån, kan det gjevast eit tillegg på 1.000 kr. til kvar av dei for kvart barn som dei saman har å forsyte.

Har søkjaren og/eller ektemaken til saman brutto inntekt over 14.000 kr. i undervisningsåret, blir forsytingstillegget redusert med 600 kr. for kvart overskytande 1.000 kr.

3. Frådragspostar

Ved utrekning av lånebeløpet kjem stipend frå Lånekassa — med unntak av grunnstipend — fullt ut til frådrag i dei fastsette normene.

Med utgangspunkt i økonomien til søkjaren, ektemaken og foreldra kan også desse postane komme til frådrag ved utrekning av lånebeløpet:

a. Inntekta til søkjaren

Søkjaren kan ha opp til 7.000 kr. i brutto arbeidsinntekt i undervisningsåret — eventuelt gjennomsnittleg 700 kr. pr. månad — utan at det blir gjort frådrag ved utrekninga. (Har søkjaren forsytingsskyldnad, kan større inntekt godtakast.) Av det overskytande blir 60 % drege frå.

Lønn under permisjon (medrekna alderstillegg) blir sett på som arbeidsinntekt i denne samanhengen. Legat eller stipend frå anna hald over 1.000 kr. blir drege frå.

b. Inntekta til ektemaken

I barnlaust ekteskap blir det gjort frådrag med 25 % av brutto inntekt over 3.000 kr. pr. månad. Bur ektemakane kvar for seg, er denne inntektsgrensa 4.000 kr. pr. månad. Har ektemakane barn å forsyte, blir desse grensene sette opp med 600 kr. for det første barnet og 400 kr. for kvart av dei andre.

Desse grensene kan også setjast opp med opp til 1.500 kr. pr. månad når søkjaren og ektemaken har særleg store utgifter m. a. til omsorg for barn og til husvære.

c. Formuen til ugift søkjar

Søkjaren kan ha opp til 10.000 kr. i likvid formue utan at det verkar inn ved utrekninga. Overskytande likvid formue går til frådrag. Søkjaren kan ha opp til 20.000 kr. i samla formue (medrekna opp til 10.000 kr. i likvid formue) utan at det verkar inn. Av det overskytande — minus eventuell likvid formue over 10.000 kr. — går 20 % til frådrag. Det blir til vanleg sett bort frå formue som er plassert i eige husvære.

Dersom søkjaren har barn å forsyte og barnet ikkje har fylt 20 år når undervisningsåret sluttar, kan 20.000 kr. i likvid formue godtakast. Overskytande likvid formue går til frådrag. Søkjaren kan ha opp til 40.000 kr. i samla formue (medrekna opp til 20.000 kr. i likvid formue) utan at det verkar inn. Av det overskytande — minus eventuell likvid formue over 20.000 kr. — går 20 % til frådrag. Det blir til vanleg sett bort frå formue som er plassert i eige husvære.

d. Formuen til gift søkjar og ektemaken

Søkjaren og ektemaken kan til saman ha opp til 20.000 kr. i likvid formue utan at det verkar inn ved utrekninga. Av overskytande likvid formue går 50 % til frådrag.

Søkjaren og ektemaken kan til saman ha opp til 40.000 kr. i samla formue (medrekna opp til 20.000 kr. i likvid formue) utan at det verkar inn. Av det overskytande — minus eventuell likvid formue over 20.000 kr. — går 20 % til frådrag. Det blir til vanleg sett bort frå formue som er plassert i eige husvære.

Unntaksvis kan større fribeløp godtakast dersom det blir dokumentert at det er ektemaken som har ført formuen inn i ekteskapet.

e. Foreldretilskott

Søkjarar som er over 20 år (har fylt 20 år før 1. januar 1975), blir tildelt lån utan behovsprøving etter foreldreøkonomien. Det same gjeld for gifte søkjarar under 20 år som har forsytingsskyldnad (barn).

For søkjarar som er under 20 år (ikkje har fylt 20 år før 1. januar 1975), er det behovsprøving etter foreldreøkonomien. Eventuelt tilskott som blir utrekna på grunnlag av inntekta, formuen og forsytingsskyldnaden til foreldra, kjem til frådrag ved låntildelinga.

Det blir ikkje teke omsyn til foreldreformue under 100.000 kr. Dersom nettoformuen er større, blir 10 % av det overskytande rekna som tillegg til inntekta.

Tilskott på grunnlag av foreldreinntekta — medrekna eventuelt tillegg av formue — går fram av tabellen på neste side.

TILSKOTT FRÅ FORELDRA ETTER PÅREKNA INNTEKT I 1.000 KR. (avrunda ned til næraste 1.000 kr.) OG TALET PÅ BARN UNDER 20 ÅR Å FORSYTE

Søkjar + 0 barn	Søkjar + 1 barn	Søkjar + 2 barn	Søkjar + 3 barn	Tilskott i kr.
39—42	45—48	51— 54	57— 60	500
43—46	49—52	55— 58	61— 64	1.000
47—50	53—56	59— 62	65— 68	1.500
51—54	57—60	63— 66	69— 72	2.300
55—58	61—64	67— 70	73— 76	3.100
59—62	65—68	71— 74	77— 80	4.000
63—66	69—72	75— 78	81— 84	5.000
67—70	73—76	79— 82	85— 88	6.000
71—74	77—80	83— 86	89— 92	7.000
75—78	81—84	87— 90	93— 96	8.000
79—82	85—88	91— 94	97—100	9.000
83—86	89—92	95— 98	101—104	10.000
87—90	93—96	99—102	105—108	11.000
osv.	osv.	osv.	osv.	osv.

Ved utrekning av tilskott frå foreldra nyttar Lånekassa dei siste likningsattestane. Dersom likningsattestane ikkje gjev tilstrekkelege opplysningar om økonomien til foreldra i søknadsperioden, må søkjaren grunngje dette.

Er foreldra skilde, skal det reknast tilskott frå den av foreldra som har foreldreretten.

Dersom søkjaren har adoptivforeldre, er det likningsattestane for desse som er grunnlaget for utrekning av eventuelt tilskott.

Dersom søkjaren har stemor eller stefar og ikkje er adoptert, skal likningsattest for stemor/stefar sendast inn. For at Lånekassa skal kunne sjå bort frå økonomien til stemor/stefar, må søkjaren grunngje dette.

Også når andre særlege forhold gjer at det ikkje er råd å vente at tilskottet blir gjeve, kan Lånekassa sjå heilt eller delvis bort frå økonomien til foreldra.

Er det fleire sysken under 20 år som samtidig tek utdanning det kan søkjast stønad til, kan foreldretilskottet — slik det går fram av tabellen — delast likt mellom syskena såframt foreldra ikkje har formue over 200.000 kr.

At ein søkjar gifter seg, opplyser at han forsyter seg sjølv eller ikkje vil ha økonomisk hjelp frå foreldra, er ikkje tilstrekkeleg grunn til å sjå bort frå retningslinjene om behovsprøving etter foreldreøkonomien. At foreldra utan nærare forklaring opplyser at dei ikkje vil gje tilskott, er heller ikkje tilstrekkeleg grunn.

4. Utdanning med avgrensa låntildeling

Til utdanning ved følgjande skolar og kurs kan det i tillegg til stipend ikkje gjevast større lån enn 6.500 kr. for bortebuar og 5.000 kr. for heimebuar for heile undervisningsåret:

2. og 3. klasse av 3-årig gymnas
1. og 2. klasse av 1- eller 2-årig gymnas
2. klasse av kombinert grunnkurs
1. år ved verkstadskole (yrkesskole)
1. semester ved NKI's 3-årige tekniske skole
1-årig skole for handel og kontorarbeid
1-årig fagkurs i husstell
Industri- og husflidskole for kvinner
Husflidsskole for menn
Maskin- og mekanikarkurs ved maskinistskole
Kokkaspirantkurs
Grunnleggjande musikkskole (1—3-årig)
Grunnleggjande kurs ved kunstskole
1-årig grunnleggjande kurs ved bibelskole
Visse andre grunnleggjande kurs

Unntaksvis kan det gjevast lån med opp til 3.000 kr. for bortebuar og 2.500 kr. for heimebuar i 1. klasse av 3-årig gymnas når det er godtgjort at søkjaren elles ikkje kan skaffe midlar til å dekkje utdanningskostnadene.

Samla lån til fleirårig utdanning kan ikkje overstige 13.000 kr. for bortebuar og 10.000 kr. for heimebuar. Søkjar over 20 år med forsytingsskyldnad kan likevel få samla tillegg med opp til 6.000 kr.

Til kombinasjon av 1-årige yrkesutdanningar ved skolar og kurs som er nemnde ovanfor, kan det normalt gjevast lån berre 2 år. For søkjarar som ikkje har examen artium, kan Lånekassa vurdere spørsmålet om lån utover 2 år (sjå side 9, punkt 8).

Til kombinasjon gymnas/yrkesutdanning ved skolar og kurs som er nemnde ovanfor, kan samla lån ikkje overstige 18.000 kr. for bortebuar og 15.000 kr. for heimebuar.

5. Tilleggslån

Søknad om tilleggslån kan takast opp til behandling berre dersom søkjaren ved ordinær søknad ikkje har søkt så stort lån som Lånekassa etter reglane kan gje, eller dersom søkjaren dokumenterer at ekstraordinære forhold har oppstått slik at undervisningsåret elles ikkje vil kunne fullførast.

Når det gjeld fristar for søknad om tilleggslån, sjå side 42, punkt 5.

6. Konvertering av utdanningslån

Unntaksvis kan det gjevast lån til innfriing av lån som er teke opp utanfor Lånekassa for å finansiere utdanning som Lånekassa elles kan gje lån til. Det er eit vilkår at lånet er særleg tyngjande for søkjaren og står i rimeleg forhold til utdanningskostnadene.

IX LÆRLINGAR

Lærlingar som har godkjend lærekontrakt, kan søkje stipend og/eller lån i læretida når netto tarifflønn ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene etter dei satsane som Lånekassa nyttar.

Ved søknad om stipend/lån må det leggjast ved melding frå arbeidsgjevaren som viser når læretida begynner og sluttar, og kor stor tarifflønna er i søknadsperioden.

I tillegg til reglane for tildeling av utdanningsstønad i kapitla I, IV, VI og VIII gjeld følgjande reglar for tildeling av stønad til lærlingar:

1. Bortebuarstipend

a. Det er eit vilkår for tildeling av fullt bortebuarstipend at netto tarifflønn for faget + bortebuarstipend ikkje er høgre enn den kostnadssatsen Lånekassa nyttar for bortebuarar.

b. Dersom netto tarifflønn er høgre enn kostnadssatsen for bortebuarar – 2.450 kr., blir bortebuarstipendet tilsvarande redusert.

2. Lån

Det kan gjevast lån til heil eller delvis dekning av differansen mellom kostnadene og summen av eventuelt bortebuarstipend og netto tarifflønn. Det blir ikkje gjeve fribeløp på inntekta til søkjaren når lånet blir utrekna.

3. Grunnstipend

Det kan gjevast grunnstipend når søkjaren kan få tildelt bortebuarstipend og/eller lån etter punkt 1 og 2 ovanfor.

X KVELDSUNDERVISNING

Hovudregelen er at det kan gjevast stipend og lån berre til elevar i skolar med dagundervisning på minst 20 undervisningstimar pr. veke.

For 1974—75 er det gjort unntak frå hovudregelen om dagundervisning for elevar ved følgjande kveldsskolar:

1-årig og 2-årig gymnas som fører fram til fullstendig examen artium
Studentfagkurs ved skolar med eksamensrett

Også ved kveldsundervisning må kursopplegget vere på minst 20 undervisningstimar pr. veke.

Det kan ikkje gjevast stipend eller lån til søkjarar som tidlegare har teke utdanning på tilsvarande utdanningssteg. Det kan heller ikkje gjevast stønad til søkjarar som ved sida av skolegangen har inntektsgjevande arbeid på meir enn 3 timar pr. dag (arbeid laurdag ettermiddag og søndag blir ikkje medrekna).

Tildeling av stipend og lån skjer etter dei reglar som elles gjeld for tildeling av utdanningsstønad.

XI UTDANNING I UTLANDET

Utdanningsstønad kan gjevast til søkjarar som tek reglementert fulltids dagundervisning ved lærestader i utlandet. Det er eit vilkår at utdanninga gjev fullstendig yrkes- eller utdanningskompetanse, dvs. kompetanse på linje med utdanning ved norske lærestader som det blir gjeve stønad til. Det krevst vidare at det er behov for arbeidskraft på vedkommande fagområde her i landet og at norske lærestader ikkje kan ta opp alle som søkjer.

Til vanleg krevst det også at søkjaren er norsk statsborgar og at han anten har heimen sin i Noreg eller har budd i Noreg i dei siste åra før utdanninga tek til. Unntak frå denne regelen kan gjerast når grunnen til opphaldet i utlandet er at foreldra til søkjaren er — eller har vore — i norsk offentleg utanriksteneste, i teneste for misjon eller i engasjement for utviklingsland.

Vidare krevst det at søkjaren tek sikte på å vende tilbake til Noreg når han har fullført utdanninga.

Det kan til vanleg ikkje gjevast stipend eller lån til søkjarar som får stønad frå offentlege stønadsordningar i andre land.

1. Lån

a. Til utdanning i Europa kan det gjevast lån når utdanninga varer minst eit heilt undervisningsår (minimum 7 månader).

Det kan ikkje gjevast lån til utdanning som ikkje er fagleg tilfredsstillande samanlikna med tilsvarande utdanning i norsk skoleverk. Det blir ikkje gjeve lån til allmennutdanning eller grunnleggjande yrkesutdanning, eller til utdanning som i Noreg kjem inn under ordninga med avgrensa låntildeling (sjå side 29). Det blir heller ikkje gjeve lån til utdanning som Lånekassa ikkje godkjenner.

Det kan gjevast lån til å dekkje dei kostnadene som Lånekassa til kvar tid godkjenner for vedkommande studiestad/fagretning. Stipend, eventuelt eigne midlar og pårekna tilskott etter gjeldande reglar for behovsprøving kjem til frådrag.

Ved visse skolar med særleg høge utdanningskostnader blir det gjeve lån etter dei kostnadsnormene som Lånekassa fastset for vanleg skole i vedkommande studieland.

Til søkjar med forsytingsskyldnad (ektemake + barn) kan det gjevast tillegg etter same reglar som gjeld for tildeling av lån til utdanning i Noreg. Vilkåret er at søkjaren er fagleg i rute og at det samla lånet ikkje er vesentleg større enn normalt.

b. Det blir ikkje gjeve lån til 1. året av fleirårig utdanning når resultata frå forutdanninga til søkjaren er særleg svake. Dersom 1. året likevel blir gjennomført med tilfredsstillande resultat, kan det etter nærare vurdering gjevast lån til konvertering av eventuelt lån som er teke opp utanfor Lånekassa til å finansiere 1. året — og det kan også ettertildelast stipend.

c. Det blir ikkje gjeve lån til 1. året av fleirårig utdanning i visse land, som til dømes Frankrike, Spania og Italia. Elles gjeld særlege reglar for utdanning ved lærestader med fransk, flamsk, italiensk og spansk som undervisningsspråk.

d. Til utdanning i U S A og C a n a d a kan det gjevast lån berre når det gjeld reglementert fulltidsundervisning ved universitet og senior college som Lånekassa godkjenner, og som svarer til norsk universitets- og høgskoleutdanning. Det er eit vilkår at det er behov for utdanninga her i landet.
Det blir gjeve lån frå og med juniortrinnet fram til avsluttande hovudeksamen som blir godkjend her i landet. I særlege tilfelle kan det gjevast lån til dei to siste quarters av sophomoretrinnet i USA og til dei to siste terminane av freshmantrinnet i Canada, såframt det samla lånet ikkje blir større enn det som er normert for fagretninga.
Storleiken på lånet blir vanlegvis tilpassa nivået for vedkommande fagretning ved utdanning i Noreg. Det kan gjevast tilsegn om lån for reglementert utdanningstid fram til godkjend hovudeksamen.
Dersom søkjaren har fullført teknisk skole i Noreg, må gjennomsnittskarakteren til vanleg vere 2,40 eller betre. Dessutan må den utdanninga det blir søkt lån til, kvalifisere for sivilingeniørtittelen.
Dersom søkjaren har fullført ei utdanning ved distriktshøgskole. Økonomisk College, Bedriftsøkonomisk Institutt eller liknande i Noreg, krevst det til vanleg at gjennomsnittskarakteren er svært god, og at den utdanninga det blir søkt lån til, kvalifiserer for siviløkonomtittelen.

Søkjarar som ikkje har fått tildelt lån til 1. året på grunn av for svak forutdanning, kan ta opp spørsmålet om lån til 2. året dersom dei faglege resultata etter 1. året er gode.

e. Til utdanning i andre i k k j e - e u r o p e i s k e l a n d enn USA og Canada kan det normalt ikkje gjevast lån.
Når faglege forhold er nærare vurdert, kan det unntaksvis gjevast lån til utdanning som det er særleg behov for her i landet, eller til spesialutdanning i samband med fagstudium som søkjaren er i gang med i Noreg.

f. Det kan ikkje gjevast lån til forutdanning i utlandet som krevst for å komme inn på eit fagstudium. Unntak kan gjerast når forutdanninga er avslutta og søkjaren er teken opp på sjølve fagstudiet.

g. Til kombinert/vidaregåande utdanning i utlandet etter avslutta fagutdanning kan det gjevast lån berre når dei faglege resultata er svært gode og det er behov for utdanninga her i landet.

h. Det kan gjevast lån til toppfinansiering av høgre fagutdanning eller spesialutdanning i utlandet som varer minst eit heilt undervisningsår — når søkjaren får stipend frå anna hald til opphald og/eller undervisning og skolepengar. I slike tilfelle kan ein sjå bort frå kravet om at vedkommande utdanning ikkje kan takast i Noreg.

i. Unntaksvis kan det gjevast lån til akademisk utdanning i utlandet som svarer til utdanning som kan takast i Noreg. Det kan til dømes gjelde ei utdanning som i opplegg eller innhald skil seg vesentleg frå den som kan takast her i landet.
Det er eit vilkår at søkjaren har særleg behov og føresetnad for utdanningsprogrammet.

2. Bortebuarstipend

a. Det kan gjevast bortebuarstipend til utdanning som går inn under lånordninga såframt søkjaren er fagleg kvalifisert til å få lån. Bortebuarstipend kan gjevast for eit tidsrom som svarer til ordinær studietid.

b. Det kan gjevast bortebuarstipend til utdanning ved følgjande skolar/kurs som ikkje går inn under låneordninga:

Lycée Corneille i Rouen
Atlantic College i Wales
Vanlege vinter- og vårkurs ved nordiske folkehøgskolar, såframt undervisninga er lagd opp etter same mønster som ved norske folkehøgskolar, og søkjaren elles fyller vilkåra for stipend til skolegang ved norsk folkehøgskole.

c. Unntaksvis kan det gjevast bortebuarstipend til utdanning på gymnasnivå såframt utdanninga gjev studiekompetanse i Noreg. Det må vere tungtvegande grunnar til at utdanninga blir teken i nærleiken av bustaden til foreldra, og grunnen til opphaldet deira i utlandet må vere at dei er — eller har vore — i norsk offentleg utanriksteneste, i teneste for misjon eller i engasjement for utviklingsland.

d. For 1974—75 er bortebuarstipendet 2.950 kr. for eit heilt undervisningsår.

3. Reisestipend

a. Til utdanning i Europa som går inn under lånordninga og varer minst 2 år, kan det gjevast reisestipend såframt søkjaren er fagleg kvalifisert til å få lån.
Reisestipend blir gjeve til dekning av opp til 50 % av billettprisen på bil-

legaste klasse 2 gonger tur-retur årleg mellom studiestaden og næraste grensestasjon eller hamn i Noreg.
Dersom søkjaren får tilskott frå særskilde moderasjonsordningar, går beløpet til frådrag i reisestipendet. Reisestipend blir normalt gjeve for eit tidsrom som svarer til ordinær studietid.

b. Til utdanning i USA og Canada som svarer til norsk universitets- eller høgskoleutdanning og går inn under lånordninga, kan det gjevast reisestipend. Det er eit vilkår at utdanninga varer minst 2 år og at søkjaren er fagleg kvalifisert til å få lån. Det er dessutan eit vilkår at søkjaren ikkje har Fulbright reisestipend.
Reisestipend blir gjeve til dekning av 50 % av billettprisen på billegaste klasse for ei framreise til studiestaden før studiet begynner, og for ei tilbakereise til norsk grense/hamn når studiet er fullført. For heimreise i ferien når utdanninga varer minst 4 år, gjeld særlege reglar.

c. Til utdanning i andre ikkje-europeiske land kan det gjevast reisestipend etter same retningslinjer og med opp til same beløp som gjeld for utdanning i USA og Canada.

d. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg som tek studieopphald på minst eit halvt undervisningsår i eit anna e u r o p e i s k land, kan få reisestipend til ei tur-retur reise. Det er eit vilkår at studieopphaldet er eit ledd i ein godkjend studieplan. Kan studiet også takast i Noreg, blir reisestipend gjeve berre såframt utanlandsopphaldet ikkje gjer at samla studietid blir lengre. Til vanleg krevst det dessutan at minst 2 år av studieplanen er gjennomført med tilfredsstillande resultat.

e. Det kan ikkje gjevast reisestipend til allmennutdanning, akademisk vidareutdanning, spesialutdanning, deltaking i spesialkurs, praktikantarbeid eller liknande.

4. Gebyrstipend

a. Det kan gjevast gebyrstipend til utdanning som svarer til eit lukka akademisk studium i Noreg (til dømes medisin, tannmedisin, veterinærmedisin, sivilingeniørfag, arkitektur, siviløkonomi). Det er eit vilkår at utdannina går inn under lånordninga og at søkjaren er fagleg kvalifisert til å få lån. Til fysioterapiutdanning i Europa kan det også gjevast gebyrstipend.
Det er vidare eit vilkår for tildeling av gebyrstipend at utdanninga fører fram til ein eksamen som er godkjend i Noreg.
Det kan likevel gjevast gebyrstipend til utdanning som det blir gjeve lån til etter regelen under punkt 1 i, side 34.
Gebyrstipend blir til vanleg gjeve berre til sjølve fagstudiet og for eit tidsrom som Lånekassa fastset. Ved visse lærestader der det krevst eit for-

studium for å komme inn på fagstudiet, kan det etter nærare vurdering refunderast gebyrstipend for forstudiet etter at søkjaren er kommen inn på fagstudiet.

b. Det kan ikkje gjevast gebyrstipend til akademisk vidareutdanning, spesialutdanning, deltaking i spesialkurs, praktikantarbeid eller liknande.

c. Studentar ved akademiske lærestader i Noreg som tek studieopphald på minst eit halvt undervisningsår i eit anna europeisk land, kan få gebyrstipend. Det er eit vilkår at studieopphaldet er eit ledd i ein godkjend studieplan. Kan studiet også takast i Noreg, blir gebyrstipend gjeve berre såframt utanlandsopphaldet ikkje gjer at samla studietid blir lengre. Til vanleg krevst det dessutan at minst 2 år av studieplanen er gjennomført med tilfredsstillande resultat.
I Europa skal gebyrstipend dekkje det faktiske gebyr som blir betalt ved kvar einskild lærestad og kvar einskild fagretning, avgrensa til 4.250 kr. for heile undervisningsåret. Medisinstudentar i Eire kan likevel få gebyrstipend opp til 10.000 kr.
Studentar i USA/Canada kan få gebyrstipend opp til 6.000 kr.

5. Behovsprøvd stipend

Behovsprøvd stipend kan gjevast til søkjarar som er under 20 år (ikkje har fylt 20 år før 1. januar 1975). Stipendet er behovsprøvd etter økonomien til foreldra og økonomien til søkjaren og eventuell ektemake.

Det krevst at utdanninga går inn under lånordninga og varer minst eit heilt undervisningsår, og at søkjaren er fagleg kvalifisert.

For tildeling av behovsprøvd stipend gjeld elles reglane i kapittel II frå side 13, punkt 1, til side 16, punkt 7.

Det kan unntaksvis gjevast behovsprøvd stipend til søkjarar som tek utdanning på gymnasnivå, såframt det er særlege og tungtvegande grunnar til å ta utdanninga i utlandet, jfr. side 34, punkt 2 c.

6. Behovsprøvd forsytingsstipend

Behovsprøvd forsytingsstipend kan gjevast til gifte søkjarar som er over 20 år (har fylt 20 år før 1. januar 1975) og som har særleg stor forsytingsskyldnad. Søkjaren må forsyte ektemake og minst 2 barn. Stipendet er behovsprøvd etter økonomien til foreldra, søkjaren og ektemaken.

Det krevst at utdanninga går inn under lånordninga og varer minst eit heilt undervisningsår.

For tildeling av behovsprøvd forsytingsstipend gjeld elles reglane i kapittel V, side 21—22.

7. Grunnstipend

Grunnstipend kan gjevast til søkjarar mellom 20 og 30 år når utdanninga går inn under låneordninga og søkjaren kan få lån. Elles gjeld reglane i kapittel VI, side 23.

For 1974—75 blir grunnstipendet utbetalt med 90 kr. pr. månad for den undervisningstida som Lånekassa har normert for vedkommande utdanning, avgrensa til 900 kr. for eit heilt undervisningsår.

Elles gjeld hovudreglane for tildeling av utdanningsstønad i kapittel I, side 5—10.

XII FORRENTING OG NEDBETALING

Lov om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning har føresegner om forrenting og nedbetaling i §§ 6 og 7. Lånekassa fastset betalingsplanen og kan med godkjenning frå departementet auke terminbeløpa i nedbetalingstida. Rente skal betalast etter den rentesatsen som gjeld til kvar tid. Rentesatsen blir fastsett av Kongen.

1. Forrenting

Staten dekkjer for tida rentekostnadene for låna i normal utdanningstid. Låntakaren skal svare rente frå første månadsskifte etter fullført/avbroten utdanning. Rentesatsen er for tida 5,75 % p.a.

a. Er utdanninga ikkje gjennomført på den tid som er normert, avgjer Lånekassa i kvart einskilt tilfelle kor lang tid låntakaren skal svare rente for. Forlenging av utdanningstida på grunn av dokumentert sjukdom eller tvungen militærteneste/sivilarbeidsteneste blir det ikkje rekna rente for. Det same gjeld forlenging av utdanningstida på opp til eitt år på grunn av svangerskap og fødsel. Når faglege forhold er grunnen til at utdanninga ikkje er gjennomført etter planen, kan det — etter ei konkret vurdering av desse forhold — i nokon mon gjevast rentefritaking utover normert utdanningstid.
b. Dersom låntakaren i nedbetalingstida tek tilleggs- eller spesialutdanning eller begynner på ei ny utdanning, kan Lånekassa gje rentefritaking — etter ei samla vurdering av kva slag utdanning det gjeld, kor lang utdanningstida er og kva inntekt låntakaren har. Sjå nedanfor under punkt 5.

2. Betalingsplan

Når utdanninga er fullført etter planen, eller når låntakaren har sendt melding om at utdanninga er avbroten, får låntakaren tilsendt ein betalingsplan som gjev opplysning om storleiken på gjelda, om betalingsvilkåra og om tilhøve i samband med nedbetalinga. Gjelda skal nedbetalast med faste halvårlege terminbeløp kvar 1. april og 1. oktober. Terminbeløpet skal første gong betalast om lag 15 månader etter fullført/avbroten utdanning. Storleiken på terminbeløpet blir fastsett etter tabellar der det er teke omsyn til kor stort det samla lånet er, og kor stor inntekt det kan ventast at utdanninga vil gje. Dersom det er klart at låntakaren ikkje vil få den inntekt som utdanninga normalt skulle gje, vil det bli teke omsyn til dette når terminbeløpet skal fastsetjast.

Nokre døme på lån, terminbeløp og nedbetalingstid finst på side 40.

3. Betaling — misleghald

Om lag 1 månad før forfallsdagen sender Lånekassa terminvarsel med opplysningar om gjeld (kapital- og rentesaldo) og terminbeløp. For at varselet skal bli sendt til rett adresse, må låntakaren gje melding om adresseendringar.

a. Låntakaren blir ikkje friteken for plikt til å betale ved forfall om han ikkje har fått varsel. Dersom Lånekassa må purre på innbetalinga, vil eit inkassogebyr på 5 kr. bli lagt til låntakarens konto.

b. Dersom låntakaren framleis ikkje betaler, vil heile lånet/restlånet med renter bli erklært forfalle til betaling. Det vil deretter bli gjort opptak til tvangsinnkrevjing. Kostnaden med tvangsinnkrevjinga vil bli lagd til kontoen.

c. Har ein låntakar misleghalde tidlegare lån, kan han bli nekta stønad til ny utdanning.

4. Utsetjing

Dersom det i nedbetalingstida skulle vise seg urimeleg å krevje betaling etter den fastsette betalingsplanen, kan Lånekassa etter søknad med opplysningar om inntekt, forsytingsskyldnad og annan økonomisk skyldnad lempe på betalingsvilkåra. Dette kan gjerast i form av terminforskyving eller nedsetjing av terminbeløpet (som begge fører til at nedbetalingstida blir lengre). Det kan også bli tale om ei kortvarig utsetjing med betaling av terminbeløpet.

5. Rentefritaking

Rentefritaking under nedbetalinga kan gjevast ved vidare utdanning (jfr. side 38) og ved militærteneste/sivilarbeidsteneste. Det same gjeld ved sjukdom og ved fødsel. Slike omstende må dokumenterast.

a. Dersom låntakaren skal ta vidare utdanning, er det eit vilkår for rentefritaking at utdanninga går inn under dei stønadsordningane som Lånekassa administrerer, og kan godtakast som påbygging på tidlegare utdanning. Finansierer låntakaren denne utdanninga med si arbeidsinntekt, blir rentefritaking innvilga når inntekta i undervisningsåret ikkje er større enn kostnadene som utdanninga fører med seg.

b. Under ordinær militærteneste/sivilarbeidsteneste blir det gjeve rentefritaking såframt låntakaren er meinig og ikkje har sivil lønn i tenestetida.

c. Det same gjeld under sjukdom som varer minst 3 månader, såframt låntakaren i sjukdomsperioden ikkje har anna inntekt enn stønad frå offentleg trygd.

d. I samband med fødsel blir det gjeve rentefritaking i 3 månader såframt låntakaren ikkje har svangerskapspermisjon med lønn.

6. Ettergjeving

a. Dersom låntakaren ikkje kan greie å gjere opp for seg fordi han har vorte ufør eller lid av varig sjukdom, kan det søkjast om heil eller delvis ettergjeving av gjelda.

b. Døyr låntakaren før lånet er tilbakebetalt, blir restgjelda ettergjeven.

NOKRE DØME PÅ LÅN, TERMINBELØP OG NEDBETALINGSTID

Utdanning	Lån i kr.	Halvårleg termin-beløp i kr.	Ned-betalings-tid i år
Allmennskole,	5.000	400	9 1/2
grunnskole i sjukepleie,	10.000	500	17 1/2
husmorskole, verkstadskole,	15.000	620	24
husflidskole eller handelsskole			
Vidaregåande sjukepleieskole,	5.000	480	8
hotellfagskole, teknisk fagskole,	10.000	540	15 1/2
landbruksskole, kokkskole,	15.000	690	20
fiskarfagskole, studentfagkurs eller	20.000	800	25 1/2
kunstskole			
Sosialskole, teknisk skole,	5.000	700	5 1/2
navigasjonsskole, radiooffiserkurs,	10.000	760	10
maskinistskole, stuertskole,	15.000	840	14 1/2
bibliotekskole, journalistskole	20.000	900	20 1/2
eller lærarskole	25.000	990	26
Bedriftsøkonomisk Institutt,	5.000	830	5
landbrukshøgskole,	10.000	870	8 1/2
utdanning til adjunkt	15.000	940	12 1/2
	20.000	1.000	17 1/2
	25.000	1.100	21 1/2
	30.000	1.200	25 1/2
Utdanning til arkitekt, ingeniør,	5.000	980	4
lektor, sosialøkonom,	10.000	1.040	7
siviløkonom, psykolog,	15.000	1.120	10 1/2
jurist, teolog eller	20.000	1.180	13 1/2
farmasøyt	25.000	1.280	17
	30.000	1.360	20 1/2
	35.000	1.510	22
	40.000	1.620	25
Utdanning til lege eller	5.000	1.160	3 1/2
veterinær	10.000	1.220	6
	15.000	1.310	8 1/2
	20.000	1.370	11 1/2
	25.000	1.470	14
	30.000	1.550	16 1/2
	35.000	1.700	18
	40.000	1.810	20 1/2
	45.000	1.990	21

ANDRE OPPLYSNINGAR

1. SØKNAD

Det kan søkjast om lån/stipend for opp til eitt undervisningsår (haust + vår) om gongen. Søknaden skal skrivast på fastsett blankett, som ein kan få frå vedkommande skole eller frå Lånekassa.

Det har mykje å seie for behandlinga og resultatet at søknaden er fullstendig utfylt og at opplysningane er utførlege. Søkjaren må leggje ved nødvendige vitnemål og attestar i rettkjend avskrift eller fotokopi. Søknad som er ufullstendig utfylt eller som vantar nødvendig vedlegg, blir returnert. Ein slik søknad blir såleis behandla seinare enn dei andre.

2. SØKNADSFRISTAR 1974—75

Søknadsfristane for elevar i allmennskolar, verkstadskolar (yrkesskolar) og skolar for handel og kontorarbeid blir kunngjorde gjennom stipendutvala.

For andre elevar og for studentar gjeld følgjande fristar:

Utdanning i Noreg

1. mars 1974 — for søkjarar som er i gang med utdanninga og som ønskjer å ha midlar disponible når undervisningsåret 1974—75 tek til.

1. august 1974 — for søkjarar som skal begynne utdanninga om hausten og som ønskjer å ha midlar disponible før 1. oktober.

Søknad kan sendast direkte til Lånekassa så snart utdanning og lærestad er endeleg avgjord.

15. september 1974 — for søkjarar som begynner utdanninga om hausten og som ønskjer å ha midlar disponible før 1. desember.

1. februar 1975 — for søkjarar som begynner utdanninga i januar.

Utdanning i utlandet

1. juni 1974 — for søkjarar som er i gang med utdanninga og som ønskjer å ha midlar disponible når undervisningsåret 1974—75 tek til.

1. november 1974 — for søkjarar som begynner utdanninga om hausten og som ønskjer å ha midlar disponible før jul.

3. MELDINGAR TIL LÅNEKASSA

Eventuelle endringar i bustadadresse, fagleg plan, sivilstand eller økonomiske tilhøve etter at søknaden er innsend, må meldast skriftleg til Lånekassa så snart som mogleg.

Det same gjeld skifte av lærestad og avbrot i utdanninga.

4. SVAR PÅ SØKNAD OG UTBETALING AV STØNADSMIDLAR

Utdanning i Noreg

Det blir til vanleg ikkje sendt brev om at stønad er innvilga. Utbetalingspapiret, som samtidig er melding om behandlingsresultatet, blir utlevert gjennom skolen/samskipnaden, og blir honorert ved alle postkontor og bankar i landet. Utbetaling kan ikkje skje på grunnlag av transporterklæring.

Til søkjar som ikkje får innvilga stønad, blir det sendt brev med grunngjeving for avslaget.

Utdanning i utlandet

Søkjar som er tildelt lån og stipend, vil få tilsendt gjeldsbrev. Det blir sendt til heimstadadressa til søkjaren i Noreg eller — dersom utdanninga er i gang — til bustadadressa ved lærestaden. Etter at Lånekassa har teke imot fullstendig utfylt gjeldsbrev, vil lån og stipend for haust/vintersemesteret bli overført til den norske valutaoverføringsbanken som er gjeven opp på gjeldsbrevet. Lån og stipend for vår/sommarsemesteret vil bli overført til banken like før semesteret tek til — etter at semestermelding er motteken.

Søkjar som berre er tildelt stipend, vil så snart søknaden er avgjord, få overført stipendbeløpet for haust/vintersemesteret til den norske valutaoverføringsbanken som er gjeven opp i søknaden. Melding om behandlingsresultatet vil samtidig bli send til søkjaren.

Stipend for vår/sommarsemesteret vil bli overført til banken like før semesteret tek til — etter at semestermelding er motteken.

Til søkjar som ikkje får innvilga stønad, blir det sendt brev med grunngjeving for avslaget.

Semestermeldinga skal innehalde:

Oppmoding om utbetaling av stønadsmidlar for vår/sommarsemesteret.

Melding frå lærestaden om at utdanninga går etter planen.

Rettkjend avskrift eller fotokopi av vitnemål for eksamenar og prøver som er tekne i haust/vintersemesteret.

Bustadadresse ved lærestaden.

5. SØKNAD OM TILLEGGSLÅN

Søknad om tilleggslån kan skrivast på same slag blankett som den første søknaden for undervisningsåret.

Fristar for søknad om tilleggslån:

1. februar 1975 — for søkjarar som tek utdanning i Noreg.

1. mai 1975 — for søkjarar som tek utdanning i utlandet.

Søknader om tilleggslån som blir innsende etter søknadsfristen, vil ikkje bli tekne opp til behandling med mindre det ligg føre heilt spesielle grunnar.

Om tilleggslån sjå elles side 29, punkt 5.

6. KLAGE OVER BEHANDLINGSRESULTATET

Meiner søkjaren at behandlingsresultatet ikkje er i samsvar med dei reglane som gjeld for tildelinga, kan skriftleg grunngjeven klage sendast til Lånekassa innan 3 veker etter at søkjaren har fått melding om behandlingsresultatet.

7. INFORMASJON

Lånekassa gjev opplysningar om utdanningstilhøve i Noreg og i utlandet, og om kva slag utdanning som går inn under stønadsordningane.

Handbøker, skoleplanar, universitetskatalogar m. m. frå dei fleste aktuelle studieland er tilgjengelege for gjennomsyn i Lånekassa.

Studiematerielllet som Lånekassa får inn, er og grunnlag for utarbeiding av oversikter, til vanleg i form av stensilerte orienteringar, som kan rekvirerast etter behov.

Dessutan kan problem i samband med utdanning og finansiering av utdanning i inn- og utland takast opp med Lånekassa gjennom brev eller personleg kontakt.

LOV AV 19. JUNI 1969 NR. 49
OM STØNAD TIL UNGDOM I VIDAREGÅANDE UTDANNING

§ 1. Reisestønad.

Ungdom i gymnas og yrkesskolar, og i andre skolar som etter vedtak av vedkomande departement er jamstelte med dei, får stønad til lange daglege reiser mellom heim og lærestad etter nærare reglar fastsette av departementet.

Til lengre reiser mellom heimstad og lærestad får ungdom i vidaregåande utdanning moderasjon i billettprisane eller reisestønad.

Stønad etter første leddet får ein av vedkomande kommune med slik refusjon frå staten som Stortinget fastset.

§ 2. Bortebuarstipend.

Bortebuarstipend kan ein gje til ungdom som må bu utanfor heimstaden under vidaregåande allmennutdanning eller fag- og yrkesutdanning. Etter vedtak av vedkomande departement kan ein i særhøve gje slikt stipend også til ungdom som får utdanning på heimstaden, men som ikkje bur heime.

På dei vilkår som er nemnde i første leddet, kan ein også gje bortebuarstipend til lærlingar og andre elevar i kombinert praktisk/teoretisk utdanning, til heil eller delvis dekning av utgifter som ikkje blir dekte av lønna.

§ 3. Særlege stipend.

Ungdom i gymnas og yrkesskolar, og i andre skolar som etter vedtak av vedkomande departement er jamstelte med dei, kan få særlege stipend på grunnlag av dei økonomiske tilhøva til forsytarane, ektemaken eller eleven sjølv.

Ungdom i anna utdanning enn den som er nemnd i første leddet, kan få særlege stipend når dei har stor forsytingskyldnad.

§ 4. Gebyrstipend.

Ungdom i vidaregåande utdanning kan få stipend til heil eller delvis dekning av skolepengar, studiegebyr og andre undervisnings- og eksamensavgifter.

§ 5. Utdanningsstipend for kunstnarar.

Ungdom med kunstnargivnad kan få stipend til ei vanleg utdanning som kunstnar.

§ 6. Lån.

Statens lånekasse for utdanning kan gje lån til finansiering av utdanning til studerande ved universitet og høgskolar, og til studerande ved andre institusjonar som etter vedtak av vedkomande departement er jamstelte med dei. Ein kan gje supplerande lån til elevar i yrkesutdanning som ikkje går inn under første leddet, og unntaksvis til elevar i vidaregåande allmennutdanning og til lærlingar og andre elevar i kombinert praktisk/teoretisk utdanning.

Når ein gjev lån, skal ein ta omsyn til dei økonomiske forhold til lånsøkjaren, og i regelen til dei økonomiske forholda til ektemaken. Til Stortinget vedtek (fastset) noko anna, skal ein i regelen også ta omsyn til dei økonomiske forholda til forsytarane.

Det skal reknast rente av låna når utdanninga er avslutta eller normal utdanningstid er gått. Stortinget kan fastsetje at det og skal reknast rente i utdanningstida.

Lånekassa fastset avdragsplanen, som til vanleg skal byggje på annuitetsprinsippet. Avdragstida blir sett etter storleiken på lånet og etter kva inntekt låntakaren kan rekne med, men skal i regelen ikkje vere lengre enn 20 år. Med godkjenning av departementet kan Lånkassa vedta at fastsette terminsummar skal aukast og avdragstida forkortast for lån som det er sett opp betalingsplan for.

Døyr låntakaren, blir gjelda ettergjeven. Lånekassa kan ettergje lån heilt eller delvis når ein meiner det er rimeleg av di låntakaren har vorte ufør eller lid av langvarig sjukdom. Lånekassa kan gje utsetjing med betaling av rente og avdrag når vidare utdanning, militærteneste eller sjukdom har ført til vesentleg svikt i inntekt, eller når andre forhold har ført til at det vil verke urimeleg å krevje betaling etter den fastsette betalingsplanen. I samband med betalingsutsetjing kan ein gje avkall på rente.

§ 7. Nærare føresegner.

Stortinget fastset maksimale satsar for bortebuarstipend, særlege stipend og gebyrstipend. Kongen fastset rentesatsen for lån.

Vedkomande departement kan gje føresegner om reisestønad, stipend og lån. Departementet kan avgrense ordningane, setje aldersgrenser, stille faglege krav, avgrense høvet til å kombinere ymse slag utdanning og setje andre vilkår for stønad, stipend og lån.

Statens lånekasse for utdanning gjev nærare reglar om stønad, stipend og lån, og kan gje føresegner og setje vilkår av same slag som er nemnde i føregåande ledd.

§ 8. Organisasjonen av Lånekassa.

Statens lånekasse for utdanning er eit sentralorgan for dei stipend- og låneordningar som er nemnde i §§ 1—6.

Lånekassa skal ha eit grunnfond og eit reservefond bygd på midlar som Stortinget løyver eller vedtek overført. Dersom Stortinget ikkje gjer anna

vedtak, skal ikkje fonda forrentast av Lånekassa. I tilfelle avvikling fell fonda tilbake til staten.

Til verksemda kan Lånekassa ta opp lån inntil ein sum som svarar til ti gonger den summen grunnfondet utgjer. Låna blir garanterte av staten og kan takast opp ved å skrive ut ihendehavarobligasjonar eller på annan måte, etter nærare føresegner av vedkomande departement.

Administrasjonsutgiftene til Lånekassa blir dekte av staten i den mon dei ikkje blir dekte av renteinntekta.

Departementet syter for revisjon av rekneskapen og fører tilsyn med Lånekassa. Årsmelding og rekneskap skal kvart år leggjast fram for Stortinget.

§ 9. Leiinga av Lånekassa.

Statens lånekasse for utdanning skal leiast av eit styre og ein direktør.

Styret har 5 medlemer med personlege varamenn, som blir oppnemnde av Kongen for inntil 3 år. Kongen fastset kven som skal vere formann og varaformann i styret.

Direktøren i Lånekassa blir tilsett av Kongen. Direktøren leier den daglege drifta av Lånekassa i samsvar med dei føresegnene som styret fastset.

Lånekassa skal ha eit råd på 12 medlemer, som blir oppnemnde av Kongen for inntil 3 år. Rådet fører tilsyn med verksemda til Lånekassa og gjev tilråding til departementet om hovudlinene for stønads-, stipend- og låneordningane etter denne lova.

§ 10. Medverknad av kommunane.

Kommunane skal medverke ved gjennomføringa av stipend- og låneordningane etter §§ 1—6 i samsvar med nærare føresegner gjevne av departementet og Lånekassa.

Vedkomande departement kan fastsetje at kommunane skal betale ut bortebuarstipend, særlege stipend og gebyrstipend mot refusjon frå staten.

§ 11. Medverknad av skolar m. v.

Norske universitet, skolar og andre undervisningsinstitusjonar med studentar eller elevar som kan få stønad, stipend eller lån, pliktar å verke med til gjennomføring av ordningane i samsvar med dei føresegnene som blir gjevne av departementet og Lånekassa. I samband med dette kan undervisningsinstitusjonane bli pålagde å gje tilråding og opplysning om faglege og økonomiske forhold som har betydning for vurdering av søknader om lån og stipend og som institusjonane har føresetnader for å uttale seg om.

§ 12. Iverksetjing.

Denne lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Det kan fastsetjast at visse delar av lova skal gjelde frå eit tidlegare eller seinare tidspunkt enn andre.

Frå den tid denne lova tek til å gjelde, blir lov av 6. juni 1947 om Statens lånekasse for studerande ungdom oppheva.

FORSKRIFTER
OM STATENS LÅNEKASSE FOR UTDANNING, DENS ORGANISASJON OG VIRKSOMHET

Fastsatt av Kirke- og undervisningsdepartementet i medhold av lov av 19. juni 1969 nr. 49 om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning.

§ 1.

Lånekassens råd behandler årsmelding, hovedlinjene for lån- og stipendbudsjett og retningslinjer for låne- og stipendordningene.

Rådet holder vanligvis to møter i året. Rådet eller formannen kan bestemme at det skal holdes et tredje møte, og et slikt møte skal holdes dersom departementet, styret eller et flertall av rådets medlemmer krever det. Etter anmodning fra departementet eller med departementets samtykke kan rådet holde ytterligere møter.

Tid og sted for rådets møter fastsettes av formannen. Innkallelse sendes senest 14 dager før møtet, og dagsorden med dokumenter sendes ut senest 7 dager før møtet.

Lånekassens styre og direktør varsles om rådets møter og har anledning til å delta.

Lånekassens administrasjon er sekretariat for rådet og sørger for opplysninger og utredning av sakene og for referat av møtene. Referatet godkjennes av formannen. Foruten til medlemmene sendes referatet til Kirke- og undervisningsdepartementet og til Lånekassens styre.

§ 2.

Lånekassens styre skal sørge for utredning av behovene for stønad, lån og stipend til utdanning og årlig fremme forslag til Kirke- og undervisningsdepartementet om tiltak som anses hensiktsmessige for å dekke disse behov.

Innenfor rammen av bestemmelser i lov, stortingsvedtak, kongelig resolusjon eller departementets vedtak gir Lånekassens styre regler om stønad, stipend og lån (lovens § 7, 3. ledd) og om forrentning av studielån (lovens § 6, 3. ledd, jfr. § 7, 1. ledd) og fastsetter bestemmelser om tilbakebetaling, ettergivelse og avskrivning av lån eller renter (lovens § 6, 4. og 5. ledd).

Med godkjennig av Kirke- og undervisningsdepartementet og Finansdepartementet treffer styret vedtak om opptak av lån. Styret treffer videre bestemmelse om forvaltningen av Lånekassens midler og regnskapsførsel, administrasjon og saksbehandling.

Styret avgir årsmelding i februar.

Lånekassens styre holder møte så ofte det er behov for det. Møtetid kan fastsettes av formannen. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stede. Dersom ikke alle medlemmer er til stede, kan vedtak bare treffes når møtet er innkalt minst 3 dager i forvegen.

Lånekassens direktør deltar vanligvis i styrets møter. Administrasjonen forbereder sakene og er sekretariat for styret.

Etter at protokoll fra styremøte er godkjent av styret, sendes utskrift til Kirke- og undervisningsdepartementet, til formannen i Lånekassens råd og til formannen i klagenemnda.

Lånekassen forpliktes ved underskrift av styrets formann eller i hans fravær av nestformannen. Daglige disposisjoner undertegnes av Lånekassens direktør eller av tjenestemann som han har gitt særskilt fullmakt.

Alle forpliktende underskrifter skal være parafert av Lånekassens direktør eller en tjenestemann som han har gitt paraferingsfullmakt.

§ 3.

Lånekassens klagenemnd er klageinstans etter forvaltningsloven for enkeltvedtak som treffes av Lånekassen. For tjenestemannssaker er likevel Kirke- og undervisningsdepartementet klageinstans.

Klagenemnda har 3 medlemmer, eventuelt med personlige varamenn, som oppnevnes av Kirke- og undervisningsdepartementet for inntil 3 år. Kirke- og undervisningsdepartementet fastsetter hvem som skal være formann og varaformann.

Lånekassens administrasjon er sekretariat for klagenemnda.

Klagenemnda har møte så ofte det er behov for det. Formannen fastsetter tid og sted for møtet. Innkallelse til møtet skal sendes minst 3 dager i forvegen. Klagenemnda er vedtaksfør når to av medlemmene er til stede og disse er enige.

Kortfattet referat fra møtene godkjennes av formannen og sendes Kirke- og undervisningsdepartementet.

§ 4.

Disse forskrifter trer i kraft fra 1. april 1970.